



Det kongelige sosialdepartement
Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Arbeidstilsynet	
Saksnr.: 200400403	Doknr.: 36
Arkivkode: 416.9	Dato: 26.10.04
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Arkivsaknr.
04/01487-004

Arkivkode
F00 &13

Avd/Sek/Saksh
TIL/FEL/OT

Dykkar ref.

Dato:
20.10.2004

HØYRING AV NOU 2004:13: "EN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING - OM SAMORDNING AV AETATS, TRYGDEETATENS OG SOSIALTJENESTENS OPPGAVER".

Viser til brev av 8. juli 2004.

Randaberg kommune har følgende kommentarer til utvalget sitt forslag:

Randaberg kommune ynskjer primært at kommunemodellen blir innført, dvs. at kommunen har ansvar for alle oppgaver som Aetat, trygdeetaten og kommunen sjølv har i dag.

Alternativet er at det blir utarbeida ei tilleggsutgreiing til kommunemodellen, ein ny modell der dagpenger, attføring og arbeidsmarknadstiltaka blir overført kommunen, medan trygde-etaten sitt ansvarsområde blir ført vidare som i dag.

Høyringsdokumentet er politisk handsama i Hovedutval for oppvekst og levekår, møtedato 1.9.2004.

Utvalet sitt vedtak lyder:

Randaberg kommune ser positivt på mange av Rattsøutvalgets føringer. Spesielt kan nevnes forenklingen dette vil medføre for den enkelte bruker og arbeidssøkerstønad.

Randaberg kommune foreslår likevel primært at det utarbeides en tilleggsutredning av kommunemodellen, en ny modell der dagpenger, attføring og arbeidsmarkedstiltakene overføres kommunen, mens trygdeetaten opprettholder sitt ansvarsområde slik som i dag.

Sekundært ønsker Randaberg kommune at Rattsøutvalgets modell gjennomføres. Vi ønsker likevel at ansvaret for arbeidsmarkedstiltakene overfor arbeidsledige sosialhjelpsmottakere legges til kommunene. Dette vil gjøre at kommunene får mulighet til å samordne arbeids-markestiltak, norskopplæringen og kommunens ansvar for helserehabilitering for egne brukere.

Eit av hovudproblema har til no vore kven arbeidslinja eigentleg er til for. Det har vore ei

felmérés adatai	
időpont	helyszín
időpont	helyszín
időpont	helyszín
összesítés	

konfliktlinje, mellom trygdekontor og sosialkontor på den eine sida og Aetat på den andre, om kven som skal få hjelp til å kome i arbeid. Aetat har hatt ein praksis som i hovudsak kun inkluderer klienter som blir oppfatta som reelle arbeidssøkarar, og som er motivert for arbeid. I utvalget sitt forslag til ny tre-deling vil dei same klientane - som det er "strid" om i dag mellom Aetat og sosialtenesta - framleis vere i sosialkontoret sine registre, sidan dei framleis ikkje vil vere kvalifisert med omsyn til Aetat sine arbeids-/inntektskrav.

Velferdspolitikken sitt paradoks er at hjelpeapparatet er dårlegast tilpassa, og organisert overfor dei som treng det mest. Dei "dårlegast tilpassa" treng ofte samordna bistand, på tvers av etatsgrensene. I dag sit trygdekontora og sosialtenesta med klientane og Aetat med tiltaka som trengst for å få dei i arbeid. Klienten blir ofte kasteball mellom kontora.

Mennesker som lever i ein uhaldbar situasjon treng eit einskapleg og godt velferdsapparat. Sjølv om arbeidet og arbeidslinja er hjørnesteinen i velferdspolitikken, vil det ikkje kun vere arbeid som er teljande. Dei som aldri kan kome i arbeid har minst like stort behov for ein betre og meir samordna bistand.

Målet for velferdsforvaltninga må vere å skape eit enklare, meir effektivt og målretta apparat for å yte bistand. Med andre ord å gje forvaltninga eit meir einskapleg og "menneskeleg andlete". Eit likeverdig tenestetilbod må vere overordna. Vi treng ei forvaltning som er tufta på einskap, ikkje spreidning!

Det er heilt grunnleggande at velferdsforvaltninga er organisert slik at den er i stand til å iverksette arbeidslinja på ein effektiv måte. Sjølv om ein har hatt arbeidslinja som programerklæring for velferdspolitikken, har praksis det siste tiåret vore trygdelinja.

Kommunene har ansvar for utføring av mesteparten av den samfunnsservicen vi til dagleg drar nytte av. Ein vesentleg hemsko for framdrifta av samordning av arbeids- og velferdsforvaltninga, har vore at statsetatane har hatt eit sopass sterkt fokus på sine institusjonelle eigeninteresser, medan kommunesektoren sitt utgangspunkt er (og har vore) å sikre innbyggjarane eit betre velferdstilbod.

Den nye statlege sosialhjelpa, som det er forslag om å innføre, vil vere avgrensa til å gjelde personer som er arbeidsføre og som søker arbeid aktivt. Det blir med andre ord ikkje gjeve rom for individuelt tilpassa ordningar, som mange sosialhjelpsklienter nettopp har behov for. Ut frå utvalget sitt forslag vil arbeids-/inntektsetaten og sosialkontoret få overlappende målgrupper, utan noko felles overordna leiing. Dermed blir det ikkje noko politisk eller administrativt organ som har heilskapleg oversikt, og heller ikkje gjeve opning for ei koordinerande forvaltning av dei ulike ytingane og tiltaka.

For klientane kan ein statleg modell bli meir autoritær enn ein lokalt forankra kommune-modell. I kommunemodellen t.d. har kvar kommune eit sjølvstendig ansvar for å bistå personen.

Målet med rehabilitering av velferdsforvaltninga er å utvikle ein organisasjon som er eigna og i stand til å hjelpe mennesker. Det er ikkje tilstrekkeleg å fusjonere kontor, for deretter å flytte arbeidsdelinga av dei inn under same tak. Skal sakshandsamarane kunne realisere arbeidslinja, har dei behov for ein fullt integrert einskapsforvaltning som er forma etter oppgåva.

Ved ei "kommunalisering" vil ein unngå ein stor og topptung organisasjon. Ein vil derimot vere sikra lokale kontor med kommunalt eigarskap. Kommunene har samordningserfaring, kan sjå verksemda frå brukaren sin ståstad og kan ivareta både individuelle og kollektive behov.


I Rattsø-utvalget sitt forslag til organisasjonsmodell for arbeids- og velferdsforvaltninga vil kommunen si rolle som lokale samordnarar for velferdsinnsatsen og arbeidslinja bli redusert. Arbeidslinja treng kommunene, også fordi kommunene har ein større kjennskap til lokalsamfunnet, næringslivet, frivillige organisasjoner m.v..

Kommunene må sjølv få ta vare på "gevinstane" av sin eigen samordningsinnsats, i staden for at kommunene i hovudsak skal gjere ein innsats som kan spare inn stønadsutgifter for statlege etater, slik utvalget sitt forslag legg opp til.

Randaberg kommune konkluderer difor slik:

1. Velferdsforvaltninga må vere slik organisert at den er i stand til å iverksette arbeidslinja på ein effektiv måte.
2. Samordning av velferdsforvaltninga bør forankrast i kommunen. Ein ynskjer difor primært "Kommunemodellen" som organisasjonsmodell.
3. Alternativt 1: Det blir foreslått utarbeida ei tilleggsutgreiing til kommunemodellen; ein ny modell der dagpenger, attføring og arbeidsmarknadstiltaka blir overført kommunen, medan trygdeetaten vidarefører sitt ansvarsområde som i dag.
4. Alternativt 2: Rattsøutvalget sin modell blir gjennomført, men likevel slik at ansvaret for arbeidsmarknadstiltaka overfor arbeidsledige sosialhjelpsmottakarar blir lagt til kommunen. Dette vil gjere det mogeleg for kommunen å samordne arbeidsmarknads-tiltaka m.v. på ein betre måte overfor eigne brukarar.

Med helsing



Per Haarr
rådmann